



HELE NORDEN PIPER

Bytt batteri og test røykvarsleren 1. desember

Omkring 17 prosent av alle bustadbrannar i Hordaland blir bokstaveleg talt tilverka på komfyren. Det viser nye tal frå DSB for perioden 2002-2012. Komfyren er den største enkeltårsaka til brann i Noreg.

Det er store skilnader på fylka. I Oslo startar heile 21 prosent av bustadbrannane på komfyren, medan det i Buskerud berre er 8 prosent.

Dei fleste komfyrbrennar skjer på dagtid og rammar eldre menneske, men det er i brannar om natta at flest omkjem. Då er det gjerne relativt unge menneske i alkoholpåverka tilstand som blir ramma. Påverka personar har svekt dømmekraft og merksemd, samtidig som dei har lett for å sovne frå komfyren, seier Atle Josdal, branningeniør i Kvinnherad brannvern.

For å setje søkjelyset på brannvern i heimen, arrangerer vi kampanjen Aksjon bustadbrann i desember. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Norsk brannvernforening og Gjensidige står bak kampanjen, medan representantar frå brann-/feiarvesen, det lokale elektrisitetstilsynet og lokale Gjensidige-kontor står for den praktiske gjennomføringa. Lokalt er det Kvinnherad brannvern og Det lokale eltilsyn (Kvinnherad Energi) som står for gjennomføringa av kampanjen.

Den 2. desember frå kl. 12 vil brannvesenet, DLE og Kvinnherad Byggtutvikling & Elektroservice AS ha stand på Husnes Storsenter. Her vil ein kunne få nyttig informasjon kring branntryggleik og det vil blant anna bli demonstrert komfyrvakt.

Så godt som alle komfyrbrennar kjem av tørrkoking og ikkje tekniske feil ved produktet. Det finst likevel teknisk utstyr, såkalla komfyrvakter, som kan førebyggje komfyrbrennar ved at komfyren slår seg av når ein farleg situasjon oppstår. Vi rår alle til å installere komfyrvakt, seier Hans Ordin Østebø, tilsynsingeniør i DLE.

Cirka 40 000 husstandar over heile landet får 3.-5. desember besøk av lokale brannvesen/feiarvesen og elektrisitetstilsyn, med tilbod om gratis og uforpliktande sjekk av brann- og eltryggleiken i bustaden.

Det dreier seg ikkje om eit tilsyn i vanleg forstand, men om ein enkel kontroll, med rettleiing og informasjon. For bebuarane er sjekken frivillig og gratis, og kontrollørane vil legitimere seg når dei ringjer på, seier Atle Josdal frå brannvesenet.

Vi oppfordrar dei som ynskjer besøk å ta kontakt med kontaktpersonar lokalt for å avtala eit besøk i veke 49.

Kvart husbesøk tek cirka 30 minutt med kontroll av desse forholda:

- Varslingsutstyr
- Sløkkjeutstyr
- Elektriske apparat og anlegg
- Eldstader og skorstein
- Rømmingsforhold

Meir informasjon om førebyggjande brannvern finn de på www.aksjonboligbrann.no og på Facebook.

Kontaktpersonar lokalt:

Atle Josdal – Branningeniør, Kvinnherad brannvern 53 48 31 73

Øyvind Ousdal – Avd. leiar førebyggjande, Kvinnherad brannvern 53 48 32 82

Hans Ordin Østebø – Tilsynsingeniør, DLE Kvinnherad Energi 53 47 56 61

Kontaktpersonar sentralt:

DSB: Avdelingsdirektør Anne Rygh Pedersen mobil 975 52 424

Gjensidige: Fagdirektør brann Odd A. Rød mobil 916 38 649

Norsk brannvernforening: Adm. direktør Dagfinn Kalheim mobil 977 59 029

Nett: H.O.Østebø